



Risikonivå i Stad kommune i samband med covid-19 utbrotet:

Kommuneoverlegen si vurdering 23. mars 2021

Utbrotet sitt forløp hittil

I slutten av veke 9 (5. mars) vart ein gjennom eit første positivt prøvesvar og vidare kartlegging klar over at ein stod overfor eit mogeleg lokalt utbrot på Nordfjordeid. Ein sette straks i gong ubrotshandtering i samsvar med prinsippa for «forsterka TISK-strategi» (Teste – Isolere – Smittespore – Karantenesette). Etter ei innleiande vurdering valde ein å tilpasse tiltaka til forventninga om at det kunne dreie seg om ein mutert variant av koronaviruset. Ein la opp til testing av nærboligkontaktar både i starten av karanteneperioden og sju døgn etter siste kontakt med den smitta, og ein tok i bruk ventekarantene for nærboligkontaktar sine husstandsmedlemmar. I noko grad har ein også gjennomført testing av andre enn definerte nærboligkontaktar innanfor ulike miljø med mistanke om førekommst av smitte. Seinare har mutasjonsanalysen frå Haukeland sjukehus stadfesta at utbrotet skuldast den engelske muterte varianten av koronaviruset.

Vidare smittesporing viste at smitten hadde utbreiing i eit relativt avgrensa miljø. På grunn av påvist smitte hos mange barn i ulike aldrar, oppstod ein mogeleg smitterisiko inn i ei barnehageavdeling og fleire skuleklassar i grunnskulen på Nordfjordeid. Avdelinga/klassane vart sett i karantene, og omfattande testing viste etter nokre dagar at det var svært avgrensa vidare smitte i barnehage/skule. Samtidig med testing av nærboligkontaktar til allereie smitta, vart eit stort tal personar heile vegen testa på grunn av symptom på sjukdom. Det vart likevel berre påvist smittetilfelle som kunne koplast til andre personar med kjend smitte. I slutten av veke 10 var vurderinga at ein hadde god oversikt over utbrotet og den generelle smittesituasjonen på Nordfjordeid.

Tysdag i veke 11 (16. mars) viste prøvesvar eit tilfelle av covid-19 i Selje. Gjennom smittesporinga fann ein raskt andre smittetilfelle som viste at det låg føre ei sannsynleg kopling til miljøet med mykje smitte på Nordfjordeid. Det er seinare vist at det også dreiar seg om same virusmutasjon i Selje som på Nordfjordeid. Same strategi med karantene og omfattande testing vart sett i verk i Selje. Som forventa viste innleiande smittesporing og testing eit større tal smitta fordelt på eit lite tal husstandar. Det vart også raskt klart at born og vaksne i desse husstandane kunne ha vore smittsame inn i barnehage/skule dei siste dagane før dei fekk påvist smitte. Ein sette straks i verk karantene og testing av born/elevar i aktuelle avdelingar/klassar og barnehagen/skulen hadde ikkje fysisk oppmøte fredag i veke 11. Eit svært stort tal prøver teke fredag og laurdag har vist eit avgrensa tal smitta i barnehage/skule. Flest smittetilfelle har ein funne blant barnehagetilsette som har hatt svært tett kontakt med smitta born.

Det samla talet på smitta under utbrotet er svært stort sett i forhold til talet på innbyggjarar i kommunen. Samtidig er det slik at alle smittetilfella under utbrotet heng saman med sikker eller sannsynleg smitteveg. Ein har ikkje sett smitteoverføring på offentlege stadar som til dømes butikkar, treningscenter eller serveringsstader. Ein svært stor del har blitt smitta innanfor eigen husstand (meir enn 50 av tilfella). Hovudsmitteveg har elles vore privat samvær mellom husstandar, og smitte frå born/elevar i barnehage/skule. Det har vore nokre få tilfelle av smitte innanfor arbeidsmiljøet i private verksemder.

Smitteoverføring innanfor spesielt barnehage og skule vil ein alltid kunne sjå den første tida etter at smitte finn vegen til eit lokalmiljø. Dette vert spesielt aktuelt i situasjonar som dette der smitten i første fase spreier seg i husstandar med mange born. Dette kan ikkje unngåast heilt utan å halde barnehagar/skular permanent stengde.

Vurdering av risikonivå under covid-19-pandemien

I samband med covid-19-pandemien vert det gjort ei vurdering av risikonivå i kommunen etter kriterium fastlagde av FHI. Inndelinga går frå Risikonivå 1 (lågast risiko) til Risikonivå 5 (høgast risiko). I tida utanom utbrot har Stad kommune vore på **Risikonivå 1 (Kontroll)**. Dette er kjenneteikna av ingen eller få påviste tilfelle, men med moglegheit for oppblussing. Frå starten av det noverande utbrotet har Stad kommune vore på **Risikonivå 2 (Kontroll med klynger)**. Risikonivå 2 er kjenneteikna av at ein har eit utbrot der tilfella er avgrensa til visse grupper og berre ein liten del (under 10%) har ukjent smittesituasjon/smitteveg. Testing og smittesporing vert handtert greitt. Aktuelle tiltak på Risikonivå 2 samsvarar i hovudsak med gjeldande nasjonale råd.

Andre nivå med eksempel på aktuelle tiltak:

- **Risikonivå 3 (Aukande spreiling)** - Kjenneteikna ved aukande smitteførekommst utanom det avgrensa utbrotet og fare for rask auke i smittetal. Tilfella er til dels utan kopling og til dels i ulike miljø. Rundt 10-20% har ukjent smittesituasjon. Kapasitet for testing og smittesporing er under press.
 - Aktuelle tiltak: Avgrense talet på nærbekantar, bruk munnbind (personar over 12-13 år) ved bruk av kollektivtransport/taxi, heimekontor som hovudregel der det er forsvarleg, digitale møter, gult nivå i barnehagar/skular, redusert grupperstørrelse ved trening/aktivitet på tvers av kohortar.
- **Nivå 4 (Utbreidd spreiling)** - Kjenneteikna ved høg og raskt aukande smitteførekommst utanom avgrensa utbrot, press på kapasiteten til sjukehusa og aukande smitteførekommst i sårbare grupper. Rundt 20-30% av tilfella har ukjent smittesituasjon. Aukande tal innleggningar og dødsfall. Kapasitet for testing og smittesporing er overbelasta.
 - Aktuelle tiltak: Avgrense talet på nærbekantar, leve tilbaketrekt om ein har risiko for alvorleg sjukdom, munnbind innandørs i det offentlege rom om ein ikkje kan halde 1 meters avstand, heimekontor så langt det let seg gjere, reduksjon i grupperstørrelse ved samankomstar/arrangement, skjenkestopp, stenging av treningsenter/symjehallar/underhaldningstilbod, gult nivå for barnehage og skule, vurdere raudt nivå for vidaregåande skule.
- **Nivå 5 (Ukontrollert spreiling)** - Kjenneteikna ved ukontrollert spreiling i samfunnet og fare for å overbelaste sjukehusa. Stadig aukande smitteførekommst utan kopling til avgrensa utbrot. Meir enn 30% har ukjent smittesituasjon. Smittesporing er ikkje lenger mogeleg på grunn av manglande kapasitet.
 - Aktuelle tiltak: Unngå besøk i private heimar, 1-2 faste kontaktar for barn, ungdom og personar som bur aleine, stenge kjøpesenter og ikkje-nødvendige butikkar, vurdere å stenge ein-til ein-verksemder utanfor helsetenesta, forby private samankomstar, forby arrangement, raudt nivå i barnehagar og skular.

Vurdering av noverande risikonivå i Stad kommune

På Nordfjordeid har ein no over fleire veker kartlagt smittesituasjonen i samband med utbrotet. Ein har ikkje funne smittetilfelle som ein ikkje kan kople til andre kjende tilfelle, og det er ikkje grunn til å tru at ein har vesentleg grad av «fri» smitte i lokalmiljøet. Siste veka har ein funne fire tilfelle på Nordfjordeid som er kopla til utbrotet, men risikoen for vidare smitte rundt desse tilfella vert vurdert som lav. To av dei er smitta innanfor eigen husstand. Ein vil framleis kunne rekne med å påvise smitte hos nokre nærboligkontaktar ved testing innanfor karanteneperioden. Dette medfører ingen smitterisiko utanom husstandane.

I Selje har det gått kortare tid etter at smitten vart påvist, og situasjonen er difor framleis noko uavklart. Ein har påvist smitte til relativt få personar i barnehage/skule, men tilfella fordeler seg på fleire ulike alderstrinn og blant fleire tilsette. Det er også påvist smitte hos nokre nærboligkontaktar til desse. Forventninga er likevel at ein gjennom forsterka TISK-arbeid skal lukkast med å avgrense vidare smittespreiing i dagane framover. Ein har så langt ikkje funne smitte som ikkje kan koplast til kjende tilfelle, men det er behov for vidare testing og kartlegging for å få ei ytterlegare avklaring av dette.

På bakgrunn av dette er vurderinga at ein samla sett framleis er på Risikonivå 2 i Stad kommune.

Aktuelle tiltak vidare framover tek difor utgangspunkt i Risikonivå 2. Sidan ein framleis vurderer situasjonen i Selje som noko uavklart, ser ein den nærmaste tida også behov for å bruke nokre tiltak som elles høyrer til høgare risikonivå.

Vidare utvikling av utbrotet vert følgt tett, og ny vurdering av risikonivå og aktuelle tiltak vert gjort fortløpende i samsvar med dette.

Vidare tiltak og råd til innbyggjarane i Stad kommune i samband med utbrotet

- Skular og barnehagar med uavklart smittesituasjon har digital undervisning/held stengt ut veke 12
- Barnehagar og skular utan kjent smitte held fram med drift på gult nivå
- Vi oppmodar alle verksemder om å nytte heimekontor så langt det er mogeleg og forsvarleg
- Vi oppmodar lag og organisasjonar i Stad om å utsetje/avlyse arrangement, treningar og andre fritidsaktivitetar der ein samlar folk i grupper
- Vi ber alle om å vere nøye med å halde god avstand til andre i kvardagen, ha god handhygiene og ha svært lav terskel for å teste seg og halde seg heime ved teikn til sjukdom
- Vi ber alle ha så få nære kontaktar som mogeleg i kvardagen og unngå å samlast i grupper utanom eigen husstand eller kohort i barnehage/skule/arbeidsplass
- Dei som ønskjer det kan gjerne nytte munnbind i det offentlege rom i situasjonar der ein kjem tett på andre over tid. Det viktigaste smitteførebyggande tiltaket vil likevel vere å halde god avstand til andre så langt det let seg gjere

23.03.2021

Thomas Vingen Vedeld

Kommuneoverlege Stad kommune